

## Progresjon

*“Progresjon i barnehagen inneber at alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgong. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring. Personalet skal utvide og byggje vidare på barna sine interesser og gi barna varierte erfaringar og opplevingar. Barnehagen skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø. Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine.”*  
(Rammeplan for barnehagen s 44, 2017)

Slik sørger vi for progresjon:

- Friluftsliv er eit av våre satsingsområder. Difor har vi valt å lage ein progresjonsplan for å sikre at barna får nye erfaringar etter kvart som dei vert eldre. Det er fleire ting vi ynskjer at barna skal oppleve i løpet av barnehagetida.
- Vi lagar ikkje planar i god tid i forvegen i høve kva tema/prosjektarbeid ein skal halde på med. Dette gjer at ein vel tema ut frå kva borna er opptatt av, og legg opp tema slik at det passar i høve alder og modning.
- Borna er delt inn i mindre grupper etter alder. Då er det lettare å tilpasse turar, tema og andre aktivitetar enn når barna har stort aldersspenn.
- Når ein planlegg innhald i tema og barnehagedagen elles så planlegg ein ut frå at ein skal finne ein balanse mellom det at barna skal oppleve meistring og at dei skal møte nye utfordringar og få ny kunnskap.
- Vi har ein plan for det fysiske miljø i barnehagen som sikrar at dei ulike avdelingane er tilpassa alderen på borna som skal vere der.
- Personalet rullerer mellom dei ulike avdelingane. Det gjer at alle kjenner dei ulike avdelingane, og veit korleis dei ulike gruppene jobbar. Ein kan då førebu barna på overgang til nye grupper på ein god måte.